

Saksbehandlar: Joar Helgheim, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 10/5459-44

## Regional plan for Nordfjella - slutthandsaming

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Nordfjella, med plankart og –rapport datert 6. januar 2014, i samsvar med plan- og bygningslovas § 8-4.
2. Fylkestinget ber om at det, i samarbeid med Buskerud og Hordaland fylkeskommunar, vert utarbeida eit tilhøyrande handlingsprogram. Dette skal fremjast som eiga politisk sak.
3. Vedtaket vert gjort under føresetnad av tilsvarende vedtak i Buskerud og Hordaland fylkeskommunar.

### Vedlegg:

- Planrapport
- Plankart

Andre dokument som ikkje ligg ved (er tilgjengelig på nettsida [www.regionalplan-nordfjella.no](http://www.regionalplan-nordfjella.no)):

- Planprogram
- Høringsuttaler
- Oppsummering av høringsuttaler

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet vedtok 21. august 2013 å leggje framlegg til Regional plan for Nordfjella, datert 01.07.2013, ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist vart sett til 1. november 2013. Tilsvarende vedtak blei gjort i Hordaland og Buskerud. Høyringa er no gjennomført og styringsgruppa for planarbeidet har drøfta høyringsinnspel. Det er gjort nokre mindre endringar i planen som følgja av dette.

Planprosjektet har bakgrunn i Miljøverndepartementets oppmoding til fylkeskommunane (i brev datert 12. april 2007) om å utarbeide planar "for en helhetlig forvaltning av fjellområder som er spesielt viktige for villreinens framtid i Norge". Planane skulle "fastsette langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder". Nordfjella er eitt av fleire fjellområde der slike planar vert utarbeidd.

### **Planprosess**

Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud fylkeskommunar har samarbeidd om planprosjektet. Planen omfattar kommunane Aurland og Lærdal i Sogn og Fjordane, Hol, Ål og Hemsedal i Buskerud, samt Voss og Ulvik i Hordaland.

Arbeidet vart leia av ei styringsgruppe med ein sentral politikar frå kvar kommune, to fylkespolitikarar frå kvart fylke, fylkesmannen i de tre fylka og leiar av villreinnemnda. Runolv

Stegane, frå Buskerud, har vore leiar av styringsgruppa. Buskerud fylkeskommune har hatt ansvar for den administrative leiinga av prosjektet, med Ellen Korvald som prosjektleiar.

Viktige milepelar i arbeidet har vore:

- Oktober 2010 - oppstartsmøte
- Hausten 2011 - planprogram vedteke i alle tre fylker (Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane 14.12.2011, sak 147/11)
- Juni 2013 - styringsgruppa tilrår høyringsframlegg.
- August 2013 - vedtak om høring i alle tre fylka
- 6. januar 2014 – styringsgruppa tilrår samrøystes planforslag for slutthandsaming i fylkesutval og fylkesting.

### **Høyringa**

Høyring og offentleg ettersyn av planen blei kunngjort 11. eller 12. september, i 5 aviser knytt til planområdet (Hardanger Folkeblad, Hordaland, Hallingdølen, Sogn Avis og Bergens Tidende). Brev om høyring, datert 2.9.2013, blei sendt til 246 adressatar. På adresselista sto aktuelle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, statlege fagetatar, lag og organisasjonar innanfor; næring, grunneigarinteresser, villreinforvaltning, natur og friluftsliv, samt hytteforeiningar. Det kom inn 49 uttalar. Desse vart lagt fram for styringsgruppa i møte 6. januar i år. På nettsida [www.regionalplan-nordfjella.no](http://www.regionalplan-nordfjella.no) ligg ytterlegare informasjon om høyringsprosessen, mellom anna med lenkje til;

- Innkomne høyringsuttalar
- Sakspapir til styringsgruppemøtet 6. januar 2014, med m.a. oppsummering av kvar einskild uttale, inkludert vurdering av uttalane.

Vi ser at følgjande har fått særleg merksemd i høyringsuttalane:

- Moglegheit for meir differensiert bruk av areala aust for Fanitullvegen i Ål og Hemsedal
- Moglegheit for reiselivsutvikling i Systerskard i Hemsedal
- Retningslinjer knytt til rydding av snø på Rallarvegen
- Raudafjell definert som nasjonalt villreinområde eller som randområde
- Omtalen av vassdragsregulering
- Moglegheit for tamreindrift
- Retningslinjer om gjerding.

På bakgrunn av høyringa gjorde styringsgruppa nokre endringar i planen i sitt siste møte (06.01.14). Viktigaste endringar er ei forsiktig oppmjuking i retningslinjene knytt til Systerskard og til Rallarvegen.

### **Hovudtrekk i styringsgruppa sitt planframlegg**

Planen omfattar:

1. Planrapport (med retningslinjer)
2. Plankart (M1:150.000 i A1-format)

Planen er avgrensa slik at større utbyggingsområde ligg utanfor planområdet. Den byggjer på den interkommunale planen frå 1998. På bakgrunn av oppdatert og ny kunnskap, lokale prosessar, intern høyring (der styringsgruppas medlemmer hadde moglegheit til "utsjekk" og drøfting i eigne fora lokalt og regionalt), samt heilskapsvurderingar i høve til oppmodinga frå Miljøverndepartementet, er han likevel annleis enn 1998-planen. Ei viktig endring er at Raudafjell (fjellområda mellom Voss/Nærøydalen/Nærøyfjorden og Flåm) er inkludert i planområdet. Bakgrunn for dette er at villreinen igjen har teke i bruk dette området.

I Regional plan for Nordfjella er det følgjande arealsoner:

- Nasjonalt villreinområde
- Randområde
- Stasjonsstadar
- Forsvarets område

Forskjellane mellom dei fire arealsonene dreier seg i hovudsak om rammer for ferdsel, utmarksnæringar, samt noko til utbygging. Dei ulike sonene vert omtalt kort nedanfor.

Arealsoner	Kort omtale og viktige rammer
Nasjonalt villreinområde (85,8% av arealet)	Omfattar dei viktigaste leveområda for villreinstammen i Nordfjella, og skal ta i vare villreinens arealbehov på både kort og lang sikt. Av omsyn til villreinen er dette den strengaste sona.  Landbruket har rammevilkår som i eit vanleg LNF-område (landbruk-, natur- og friluftslivsområde i arealplanar etter plan- og bygningslova). Det skal ikkje byggjast nye fritidsbustader eller turisthytter. Det skal normalt ikkje etablerast nye stiar og løyper.
Randområde (11,4% av arealet)	Randområda inkluderer leveområde for villrein som ikkje er definert som nasjonalt villreinområde, samt ei buffersone utanfor dette i Ål kommune.  Dette er viktige område for friluftsliv og ferdsel. Nye stiar og løyper kan etablerast.  I denne sonen finst det nokre hytteplanar som kan gjennomførast som planlagt, men det vert ikkje opna for nye hytteplanar. Kommunane skal gje rammer for tilbygg til etablerte fritidsbustader.  Utmarksnæringar har vidare rammer enn i nasjonalt villreinområde ved at «Landbruk pluss næring», utanfor plan- og bygningslova sitt landbruksomgrep, kan etablerast under føresetnad av kommunal planavklaring og at villreinens behov vert teke tilstrekkeleg i vare.  Generelt er rammene for aktivitetar mindre strenge enn i nasjonalt villreinområde, men også her skal det takast omsyn til villrein.
Stasjonsstadar (0,3% av arealet)	Omfattar nokre mindre stadar langs Bergensbana, med togstopp og fritidssamfunn, som ligge naturleg inne i planområdet. Kommunane kan her avklare vidare utvikling i eigne planar. Ein ventar at kommunane legg til retta for at eventuell vidare utvikling vert skånsam og stadstilpassa.
Forsvarets område (2,6% av arealet)	Omfattar forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt på Mjølfjell, samt Øyradalen i Lærdal som Forsvaret bruker til sprenging. Regional plan oppmodar til å take omsyn til villrein og friluftsliv.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Styringsgruppa har gjennom heile prosessen hatt gode og konstruktive drøftingar, av til dels vanskelege problemstillingar. Dei problemstillingane og punkta som har vore mest diskutert gjennom planprosessen er:

- Grensa mellom villreinområde og randområde rundt Hallingskarvet i Hol, i Kvammadalen i Aurland og ved Systerskard i Hemsedal, samt særlege retningslinjer for desse områda. Styringsgruppa konklusjon på spørsmåla:
  - Det meste av bremmen rundt Hallingskarvet vert definert som randområde. I retningslinjene vert det lagt til grunn at nye stiar og løyper, av omsyn til villreinen, i størst mogleg grad vert lagt langs ytterkanten av bremmen.
  - Areal i Kvammadalen er definert som randområde. Reiselivsutvikling skal kunne utgreiast og planleggjast her, sjølv om det er randområde.
  - Systerskard vert også definert som randområde. Det er gjort m.a. for å gje noko større handlingsrom for utvikling av friluftaktivitetar. Retningslinjene seier at utvikling av reiseliv eventuelt må vurderast ved rullering av kommuneplanen for Hemsedal.
- For områda aust for Fanitullvegen (med unntak av Systerskard, som er definert som randområde) følgjer grensene for randområde og nasjonalt villreinområde grensene frå 1998-planen.
- Rammer for utmarksnæringar: I randområda er det opna for at kommunane på visse vilkår skal kunne planleggje for «Landbruk pluss» verksemd som ikkje inngår i plan- og

byggningslovas landbruksomgrep. Rettleiar T 1443 frå Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet definerer «landbruk pluss» nærmare.

- Det vert ikkje opna for tamreindrift innafor planområdet, då ein finn at det ikkje let seg kombinere med ivaretaking av villreininteressene.
- Rallarvegen: Det vert gjeve moglegheit til manuell åting og rydding av snø etter 1. juni, med sikte på farbar veg frå 1. juli
- Raudafjell er nytt areal i forhold til 1998-planen. Raudafjell skal i hovudsak vere nasjonalt villreinområde (sjølv om det ikkje er del av forvaltingsområdet for villreinen i Nordfjella).

Styringsgruppe tilrår, samrøystes, Regional plan for Nordfjella. Dersom fylkestinget ikkje er samd i planforslaget, legg fylkesrådmannen til grunn at fylkestinget sender planen tilbake til styringsgruppa. Styringsgruppa bør i så fall kallast saman, for å vurdere ev. endringsframlegg og deretter fremje et nytt samlande framlegg. Dette sidan det er nødvendig at alle dei tre fylka gjer likelydande planvedtak.

### **Verknad av planen**

Regionale planar skal, i samsvar med plan- og byggningslova, leggjast til grunn for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen gjev ikkje juridiske bindingar. Retningslinene § 1 slår fast at han berre skal vere retningsgjevande. Planen skal følgjast opp gjennom å verte implementert i kommunale planer.

Reguleringsplaner, som er vedtekne tidlegare, er framleis gjeldande. Vedtekne kommune(del)planar gjeld inntil neste kommuneplanrevisjon.

### **Handlingsprogram**

Det er ein føresetnad, for at planen skal få den verknaden som er tenkt, at alle aktørar arbeider vidare etter planen sine intensjonar og føringar. Det gjeld i høve til utdjupe og bindande planlegging, i dagleg forvaltning og ved initiativ til kunnskapssøkjande prosjekt mv.

Planrapporten sitt kapittel 7. «Handlingsplan» skisserer følgjande oppgåver:

- Nordfjellaråd
- Oppfølging av fokusområde
- Kommunale planoppgåver
  - Kommuneplanar
  - Motorferdselsplanar
  - Sti- og løypeplanar
- Friluftsliv og villrein
  - Informasjon
  - Varslingsrutinar
  - Vurdere omlegging av sti- og løypearear
- Kvammadalen
- Vegar og villrein
- Villreinfokus i vilkårsrevisjonar (vasskraftsaker)
- Dialog med Forsvaret om lågtflyging
- Vidare planoppfølging

Kapittelet vert sett på som aktuelle tiltak i oppfølgingsansvaret og er ikkje eit ferdig handlingsprogram. Det er difor naudsynt å utdjupe punkta etter at den regionale planen er vedteken, og å utarbeide eit tydeleg handlingsprogram med faglege rammer, tid for gjennomføring, fordeling av prosjektansvar og kostnader m.m.

### **Konsekvensutgreiing**

Kapittel 8, i planrapporten, er å sjå på som ei konsekvensutgreiing i samsvar med krav i plan- og byggningslova og naturmangfaldlova. Verknader av planforslaget for samfunn og miljø; verknad av planavgrensing, verknad i einskildområde samt særskilt vurdering etter krava i naturmangfaldlova er omtalt der. Villrein og reiseliv har fått særleg merksemd i utgreiingane.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner at planforslaget, som tilrådd av styringsgruppa, svarer på Miljøverndepartementet si oppmodinga i brev av 12. april 2007. Det er også i samsvar med føringar lagt i planprogrammet.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte Regional plan for Nordfjella vert vedteken, og at det vert utarbeida eit konkret handlingsprogram som vert fremja som eiga sak.